



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Komitè for miljø og tekniske saker	29.11.2016	080/16
Giske kommunestyre	15.12.2016	087/16

Detaljplan Giskeremen - eigengodkjenning

Innstilling:

Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av pbl § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert 21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016. Det blir synt til plandokument og saksutgreiing for grunngeving.

29.11.2016 Komitè for miljø og tekniske saker

Tilleggsforslag frå Kenneth Langvatn (H):

"Det vert innarbeidd i føresegnene at rekkefølgekravet om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde, men med unntak av bueining 1-6, forutsett at desse vert bygd som bustader med livsløpsstandard, og maksimalt antal bueiningar som unntaket skal gjelde for er seks bueiningar.

Unntaket vert grunngeve med at bustader med livsløpsstandard som dette ikkje vil generere nemneverdig auke i biltrafikken på tilførselsvegane, og at unntaket vil gjere det mogleg for utbyggjar å kome vidare i prosjektet."

Tilleggsforslag frå Peder Kåre Giske (Ap):

"Unntaket om rekkefølgekrav om eksterne tilførselsvegar skal også gjelde BBK."

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Kenneth Langvatn sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Peder Kåre Giske sitt forslag vart tilrådd med 6 mot 1 røyst (H).

KMT- 080/16 Vedtak:

Tilråding:

Giske kommunestyre eigengodkjenner i medhald av pbl § 12-12 detaljplan Giskeremen, datert



21.11.2016, med planomtale datert 21.11.2016 og føresegner datert 21.11.2016. Det blir synt til plandokument og saksutgreiing for grunngeving.

Det vert innarbeidd i føresegnene at rekkefølgekravet om utbetring av eksterne tilførselsvegar skal gjelde, men med unntak av bueining 1-6, forutsett at desse vert bygd som bustader med livsløpsstandard, og maksimalt antal bueiningar som unntaket skal gjelde for er seks bueiningar.

Unntaket vert grunngeve med at bustader med livsløpsstandardsom dette ikkje vil generere nemneverdig auke i biltrafikken på tilførselsvegane, og at unntaket vil gjere det mogleg for utbyggjar å kome vidare i prosjektet.

Unntaket til rekkefølgekrav om eksterne tilførselsvegar skal også gjelde BBK.

15.12.2016 Giske kommunestyre

Gunnar Morsund bad om vurdering av habiliteten sin. Han vart kjend habil.

Britt Giske Andersen (V) fremma forslag om at saka vert utsett og sendt tilbake til komite for miljø og tekniske saker.

Forslaget vart vedtatt med 22 mot 1 røyst (H).

K- 087/16 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til komite for miljø og tekniske saker.

Vedlegg:

Merknad BUR i Giske til 2. gongs offentleg ettersyn - Giskeremen

FRÅSEGN - FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL - DEL AV GNR 127 BNR 34 -
DETALJPLAN GISKEREMEN - GISKE -
GISKEREMANE

FRÅSEGN FRÅ FOLKEHELSEKOORDINATOR - GISKEREMEN 2.GONGS
OFFENTLEG ETTERSYN

FRÅSEGN - KIRSTEN OG PER-ARNE FURNES - TIL DETALJPLAN GISKEREMEN

FRÅSEGN - MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - DEL AV GNR 127 BNR 34 -
DETALJPLAN GISKEREMEN

GNR 130 BNR 1 - FORSLAG TIL AVTALE OM PLASERING AV PUMPESTASJON
ARKEOLOGISK FAGRAPPORT - MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - DEL
AV 127/0034 - DETALJPLAN GISKEREMEN - GISKE

GNR 127 BNR 3 - MØTE ANGÅANDE UTBYGGING AV TEKNISKE ANLEGG

FRÅSEGN - JØRN OG MARIA AAEN - DETALJPLAN GISKEREMEN

DETALJPLAN GISKEREMEN - 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

MERKNADSRIST

FRÅSEGN - JAN KÅRE HATLØ - DETALJREGULERING 2. GANGS ETTERSYN
GISKEREMEN



FRÅSEGN - STATENS VEGVESEN - DETALJPLAN GISKEREMEN - GISKE

Merknad - Martin Brandshaug - Detaljplan Giskeremen

Detaljplan Giskremen_2016.11.21

Framlegg planomtale Giskeremen_2016.11.21

Detaljplan Giskeremen_føresegner_2016.11.21

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtak [KMT-019/16](#), møte 03.03.2016, vart framlegg til plandokumenta lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10.03.2016 – 22.04.2016.

Etter vedtak [KMT-058/16](#), møte 01.09.2016, vart revidert framlegg til plandokument lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden 07.09.2016 – 21.10.2016.

Utdrag av innkomne merknadar blir gjengjeve under:

NVE, datert 12.09.2016

Har ikkje merknad.

Statens vegvesen datert 15.09.2016

Har ikkje merknad.

Jan Kåre Hatløy, datert 20.09.2016

Sterkt i mot at vegbreidde for trase frå austsida av Giske kyrkje til vegkrysset Kabbertavegen blir regulert med 6,5 m breidde inklusiv skulder. Heile denne trasen må regulerast med 4,5 m inklusiv skulder, slik som det er regulert frå vegkrysset Kabbertavegen og vidare austover.

Dette vil gje betre estetikk og ta betre vare på det pittoreske ved staden. Sidan det er lite trafikk i området, fartsgrensa er låg og det er rett og oversiktleg strekning, er det akseptabelt med blanda trafikk. Det er ambisiøst å tru at trafikken til kyrkja blir så stor at det nødvendig med ein slik vegutviding.

Planen om å gjere Saksebrauta til gang-/og sykkelveg utan å byggje moglegheiter for stopp og parkering er ikkje gjennomtenkt.

Utbygging av Remen byggjefelt må stoppast inntil betre løysingar ligg føre.

Inngrep i eigedom vil bli møtt med økonomiske krav for reduksjon av både eng og hagar, hekk, flaggstang og portstolpar som må flyttast. Buskar, driftsbygning og avkøyrslø kjem i konflikt med utvida veg. Det blir reagert på at framlegg til vegutviding får store konsekvensar og innverknad på ein eigedom, jamfør [vegloven § 50](#) andre ledd.

Avskrift av vegloven § 50

Til bate for ein som lyt tola eigedomsinngrep etter første leden, kan vegstyremakta gjere vedtak om at det skal gjerast eigedomsinngrep hjå ein annan eigar eller rettshavar, så fram skaden og ulempene då alt i alt vert monaleg mindre.

Det blir kravd at pumpestasjonen blir flytta på nordsida av vegen, uansett om dette vil medføre større kostnader og andre ulemper og heller påføre utbyggar dette enn å ta meir areal av underteikna sin eigedom.

Syner til møteverksemd mellom partane utan at underteikna har vorte invitert.

Jørn og Maria Aaen, motteke 22.09.2016



Kva er målet med å utvide Giskevegen frå dagens breidde? Det er aldri observert kø eller andre grunnar til at breidda bør aukast på vegen. Det einaste trafikale problemet er manglande respekt for fartsgrenser. Dersom det hadde vore fartsdumpar i området er dagens standard god nok. Vegstrekninga blir ikkje nytta som skuleveg. Bruk heller pengane på oppgradering av Skulevegen.

Det er planlagt eit pumpehus i nordvestleg hjørne grensa til underteikna sin eigedomen. Kva dimensjonar vil det bli på dette huset?

Møte mellom Jan Kåre Hatløy og kommunen 04.10.2016

Målet med møtet var å klarleggje kva som skal til for at tekniske anlegg frå Gjerdehamna til kyrkja på Giske kan bli opparbeidd. Eigar av gnr./bnr. 127/3 har kome med merknad til reguleringsplanen for området som er under utarbeiding. Ut i frå merknadane var det ønskeleg å ha eit møte for å sjå om det var mogleg å gjennomføre planane for teknisk anlegg før reguleringsplanen vert vedteken.

Utbyggingsområdet innafor planen ligg i dag utan tekniske anlegg og kan difor ikkje byggjast ut. Pumpestasjon er i framlegg regulert inn på gnr./bnr. 127/3 og eigar er kritisk til denne plasseringa og vil ha den flytta til andre sida av fylkesvegen. Giske kommune ønskjer ikkje flytte pumpestasjonen på grunn av konflikt med annan teknisk infrastruktur. Det var semje om å sjå på moglegheita for å flytte pumpestasjonen til andre sida av avkøyring f_V_1 i framlegg til plan. Eigar av gnr./bnr. 127/3 stilte seg ikkje negativ til å la dei andre tekniske anlegga ligge på sin grunn med tinglyst avtale.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 14.10.2016

Arkeologisk registrering vart avslutta 6. juni utan funn av automatisk freda kulturmine.

Det er gledeleg å sjå at gjennomførte barnetrakk registreringar blir nytta i høve utbyggingar i kommunen. Det er lagt inn to nye leikeområde, høvesvis søraust og sørvest i planområdet, totalt om lag 1200 m² leikeareal. Dette er i tråd med kommunen si eiga retningslinje arealmessig, men tre leikeområdet er ikkje ei tilfredstillande løysing, det blir stilt spørsmål ved på både plassering og storleik av areala.

Nøgd med at universell utforming vil liggje til grunn for utforming av leikeareal og fellesareal.

Kartutsnitt på side 12 i planomtalen manglar leikeplassen som er synt i plankartet, sørvest i planområdet. Det blir synt til merknad i brev av 21.04.2016 og ber kommunen igjen å vurdere å stille krav i planen som gjer det enklare å vurdere om interessene til barn og unge er i vareteken. Håpar at tiltaket er i tråd med kommunen si eiga norm for fortetting.

I føresegnene § 4.5 er det uklart kven av leikeplassane som blir omtala som felles leikeplass eller om paragrafen er gjeldande for alle leikeplassane i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 17.10.2016

Oversending av fagrapport frå arkeologiske registreringar.

Frode Bård Giskegjerde, utgåande brev 17.10.2016

Refererte til telefonsamtale den 14.10.2016 der tema var om det er mogleg å plassere ein pumpestasjon innanfor gnr./bnr. 130/1. Pumpestasjonen er ein del av utbygging av nye tekniske anlegg for Gjerdehamna. Utbygging av tekniske anlegg i området vil forbetre vassforsyninga betrakteleg og samtidig byggje ut anlegg for spillvasshandtering for området. Vedlagt skisse som syner framlegg til plassering av pumpestasjon.



Kirsten og Per-Arne Furnes, datert 20.10.2016

Det blir teke areal frå eigedomen til leikeplass og det blir gjeve areal til eigedomen frå vegareal, Saksebrauta. For at dette skal bli akseptert, blir følgjande kravd:

- * Asfalten som då kjem inn i hagen vert fjerna og plen opparbeidd
 - * Det vert sett opp høgt gjerde mot leikeplassen og hekk på underteikna si side
 - * Det vert planta hekk i bytet mot nabo der tomta vert utvida og fjerning av eksisterande hekk
- Ny hekk bør vere så stor som mogleg, gjerne ein meter eller meir.
- * At det ikkje fell kostnadar på underteikna i samband med dette

Desse merknadane er knytt til framlegg som var til 2. gongs offentleg ettersyn. Dersom det blir gjort endringar kan det bli uaktuelt å gje frå seg areal.

Det blir synt til føresegnene for BBK, håpar og reknar med det ikkje blir bygd høgare enn gesims 3,5 og mønehøgde ikkje over 6,5 m over gjennomsnittleg terreng.

Folkehelsekoordinatoren i Giske, datert 24.10.2016

Auka biltrafikk og utrygg ferdsel for mjuke trafikantar er kjend problemstilling på Giske. Det er difor positivt at det vert lagt inn rekkjefølgjekrav om ny ekstern tilkomstveg (Skulevegen og Kabbertavegen) før utbygging. I vedtak for 2. gongs offentleg ettersyn er seniorbustadar i rekke 1 – 6 innanfor BB heldt utanfor dette kravet. Det er uklart om det gjeld 6 bueiningar. I føresegnene står det i rekkjefølgjekravet: *Unntak er bueiningar i rekkje, nr 1 – 6, som er prosjekterte som seniorbustadar, synt i planomtalen s 12.* I planomtalen er det ein ikkje bindande illustrasjon. Planomtalen og føresegnene kan tolkast slik at det vert opna for opp mot 12 bueiningar. Dette bør avklarast. Det kjem ikkje tydeleg fram i føresegnene kva som er potensielt maksimal tal på bueiningar i planområdet, med unntak av BBK. Det kan vere naturleg å avklare dette, for å betre kunne vurdere leikeareal og trafikksituasjon.

Det er positivt at det er lagt inn meir areal til leik. Det er noko uklart kven som skal opparbeide desse. Utover at f_BUL_1 og 2 skal vere ferdig opparbeida og møblert før bruksløyve/ferdigløyve vert gjeve. Det er viktig at ein legg til rette for leik og fellesskap for alle aldrar på f_BUL_#.

Det kan sjå ut til at det har vore stort fokus på vegtraseane for bil i arbeidet med planen. Folkehelsekoordinatoren saknar heilskapleg plan for ferdselsårane for mjuke trafikantar. Problemstillingane knytt til trafikk på Giske handlar i stor grad om utrygg ferdsel for gåande og syklende, samt manglande møteplassar for bilar. Ved å auke breidda på vegar og leggje til rette for biltrafikk vil ein kunne vente auke eller uendra bruk av bil. Auka standard på bilveg vil kunne gje auka fart. Heilskapleg plan for gåande og syklende, uavhengig av bilveg, kan vere naturleg. Bruk av fartsdumpar, gjennomkøyring forbode, fleire møteplassar for bil, breiare vegskulder kan bidra til auka tryggleik for mjuke trafikantar. Auka attraktivitet for gåande og syklende vil kunne redusere bilbruken. Smale vegar er ein del av Giskeøya sin sjarm og identitet. Det er viktig å sørge for auka tryggleik for mjuke trafikantar og samstundes ta vare på noko av dei smale vegane, enten som bilveg eller gang- og sykkelveg. Det vert no lagt opp til at hovudtrase til kyrkja går via Skulevegen, Kabbertavegen og inn på Giskevegen. I denne planen er det ikkje enkelt å vurdere korleis den samla trafikflyten vert. Det kan vere naturleg å gjere ei heilskapleg vurdering av ferdselsårar for mjuke og harde trafikantar for øya samla sett. Hovudmålet bør vere auka attraktivitet og tryggleik for mjuke trafikantar.



Giske nærmiljøutval, (GN) datert 28.10.2016

GN har i årevis arbeidd for at trafikktilhøva på øya må betrast. Vegstandarden er ikkje dimensjonert for den trafikken som no er på øya. Folketalet har stege jamt i mange år, og det har lenge vore brei einigheit om at no må vegnettet oppgraderast før det byggjast særleg meir på øya. Tilkomst frå rundkøyringa på Giske og opp til skulen, barnehagen og dei tettast bygde områda må oppgraderast temmeleg omgåande.

Det var med undring at utvalet vart vitne til at det vart opna for bygging av fleire bueiningar sør for skulen, med tilkomst eksisterande Skuleveg. Også sjølv plassering av avkøyrsla inn i det nyte området er det mange som stiller spørsmålsteikn med.

GN har tidlegare meldt om at det no må innførast eit rekkjefølgjekrav på øya, der vegane må byggjast ut før nye bustadprosjekt kan realiserast. GN er opne for enkeltvise oppføringar av einebustadar med ei bueining kan tillatast medan ein ventar nye vegløyningar, så lenge utbyggingstakta er moderat. Men å gje løyve til prosjekt med fleire bueiningar før nye vegløyningar er utbygde er heilt uakseptabelt. Dette gjeld også for det som no er skissert på Giskeremen. Det blir heller ikkje godteke dispensasjonar for dette. No må rekkjefølgja vere å byggje ut (ikkje planlegge) veg til skule, barnhage og dei tettast bygde områda – så kan det byggjast ut nye prosjekt med fleire bueiningar. Nemner samstundes at GN ønskjer seg prosjekt med bygningsmasse som naturleg passar inn på øya, og at omfanget av større bygg med mange bueiningar må avgrensast. GN er generelt positive til det at byggjast på øya, og er særleg positive til fleire einebustadar. GN er også positive til prosjektet Giskeremen og ønskjer at utbyggar får realisert planane, men då altså først etter at nye tilkomst til skule, barnehage og dei tettast bygde område på øya er ferdig utbygde og teke i bruk.

Det vert tolka slik at det også frå rådmannen no er forståing om eit rekkjefølgjekrav er på sin plass.

Dersom det vert gjeve løyve til eit slikt prosjekt utan først å byggje ut nødvendig infrastruktur, syner det ei total manglande forståing for dei problema som er på Giske. Det vil også vere eit tydeleg signal om at ein ikkje evner eller har vilje til å ta styring når dette er nødvendig for ålmenta sitt beste. I lengre tid har utbygging i kommunen vore prega av at det er utbyggarane og ikkje det offentlege som styrar utviklinga. GN forventar at prosjektet Giskeremen ikkje føyer seg inn i dette mønsteret.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 19.10.2016

Nøgd med at justert planframlegg har auka areal til leik. Rår til at føresegna som gjeld leikeplassane blir gjort meir forståeleg for alle som skal manøvrere etter planen fram til endeleg utbygging. Dette kan gjerast ved at f_BUL_# blir omtala som BUL1, BUL2 og BUL3.

BUR i Giske, datert 08.11.2016 (barn og unge sin representant)

Meir leikeareal er sikra og tilstrekkeleg ut frå leikeplass norma i Giske. Grøne korridorar inn mot leikeareal gjev god tilkomst for brukarane. Leikeareal mot trafikkert veg må sikrast med gjerde/voll.

Martin Brandshaug, datert 15.11.2016

Det er ikkje kome framlegg til moglege løysingar for avkøyrsel for gnr./bnr. 127/38 og 129, det er det ønskeleg at «avtalen» blir spesifisert tydelegare. Syner difor til krav i førre merknad:

- * Ny garasje med sørvendt port
- * 18 kvm biloppstillingsplass, framføre garasje, i samsvar med krav for nye bustadar
- * Fysisk skilje mellom avkøyrsel og gjesteparkering, for å trygge gardsplassen
- * Kostnadar knytt til vedlikehald, brøyting og liknande for veg i nytt bustadfelt skal ikkje



kunne krevjast av eigedomen

Underteikna kan ha avkøyninga heilt inntil huset ved aust vegg, men treng avkøyrsløse som er brei nok for to bilar. Dette har vore planen for opphavleg avkøyrsløse. Bjørker på tomta kan nyttast som eit naturleg skilje mellom avkøyrsløse og gjesteparkering. I tillegg er det ønskeleg at kostnader med riving av garasje, fjerning av gamal avkøyrsløse, samt oppføring av ny garasje, planting av gamal avkøyrsløse ikkje skal bli belasta eigedomen.

Heimelsgrunnlaget

Plan- og bygningslova kap. 12.

Økonomiske konsekvensar:

Utbygging teknisk infrastruktur.

Vurdering:

Leikeareal

Etter offentleg ettersyn var det fleire merknadar om at leikearealet var lite. I samband med handsaming til 2. gongs offentleg ettersyn har leikearealet vorte auka og fått ei betre fordeling innanfor planområdet. Plasseringa av leikearealet er ikkje optimal, men for å kunne nå både nye og eksisterande bustadar med leikeareal er framlegg til plassering god.

Det blir sett maksimalt tak for kor mange bueiningar det kan byggjast innanfor BB i føresegnene for å gje meir føreseielegheit i planen, også for barn og unge, maks 16 bueiningar. Føresegnene blir justerte etter merknadar. I § 3.1 blir overskrifta for opparbeiding av leikeplassar justert og endra til «Opparbeiding av felles leikeareal f_BUL_1 og F_BUL_2». Endring markert med feit tekst under.

I § 4.5 blir også overskrifta justert for å fjerne tvil om kva område paragrafen skal gjelde: «Leikeplass, felles (f_BUL_1, f_BUL_2 og f_BUL_3)». Endring markert med feit tekst under. Endringane endrar ikkje føresegnene, men blir gjort for å fjerne framtidige misforståingar.

Det blir ikkje sagt noko i føresegnene om kven som skal opparbeide leikeplassane, det er berre lagt inn rekkjefølgjekrav om at f_BUL_1 og F_BUL_2 skal vere opparbeidd før det blir gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest. f_BUL_3 skal opparbeidast med gjerde eller anna fysisk hindring mot Giskevegen for hindre at barn kan springe ut i vegen.

Nabo gnr./bnr. 127/28 og 156

I samband med offentleg ettersyn gjorde kommunen nokre justeringar av plankartet i høve innsendt planframlegg frå plankonsulent. Blant anna vart leikearealet ved f_BUL_1 endra for å få naturlege og rasjonelle grenser, og betre samsvar med «[RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)». Etter 2. gongs offentleg ettersyn vart det gjort nokre endringar av leikeareal og lagt inn tursti. Formålsgrense mot gnr./bnr. 127/28 har ikkje vorte endra. Dette gjeld også eigedomen bnr. 28 og 156. Endring av leikearealet gjev både ulemper og føremoner for bnr. 28 og 156. Dagens grense mot Saksebrauta og ny leikeplass blir endra, det vil vere naturleg flytte/plante til ny vegetasjon mot disse grensene. Delar av Saksebrauta blir endra til bustadføremaal, i nord blir vegen delt mellom bustadeigedomane på kvar side. Bnr. 28 og 156 får ei nettoauke i areal på omlag 100 m², men med ulempe med fjerning av asfalt, opparbeiding av plen og flytting av buskar. I utbyggingsavtale må det avklarast kven som skal koste fjerning av asfalt og anna opparbeiding.

Nabo gnr./bnr. 127/38 og 129



Utover rekkjefølgje krav i føresegnene for tilkomst gnr./bnr. 127/38 og 129, som er lovpålagt etter pbl, vil dette vere ein privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje kan eller bør involvere seg i, anna enn som rettleiing til partane. Krav om avtale mellom eigar og utbygger blir vidareført.

Pumpestasjon

Framlegg til lokalisering av pumpestasjon blir i samråd med grunneigarane flytta til austsida av opparbeidd veg, synt som f_V_1 i plankartet. Pumpestasjonar blir kjøpt ferdig bygd og krana på plass. I føresegnene er det sett krav om at bygget skal liggje innanfor regulert byggjegrænse, om lag 5 x 12 m og maksimal byggjehøgde er sett til 3 m over gjennomsnittleg planert terreng. Bygget vil bli på om lag 2 x 3 m. Tilsvarande bygg er å sjå ved avkøyring til småbåthamna på Ytterland, der er det nyleg sett opp ein pumpestasjon. Siste side i planomtalen syner korleis pumpestasjonen kan sjå ut.

Trafikk

Gjennom gjeldande reguleringsplanar er det regulert inn fortau og gang- og sykkelveggar på øya Giske. Når områdeplan for Ny Skuleveg, Giske er vedteken vil det vere regulert eit samanhengande hovudnett av fortau og gang- og sykkelveggar frå dei tettaste bustadområda, skulen og barnehagen til Valderøya. Frå rundkøyringa til idrettsanlegget på Staurneset blir det etter framlegg frå rådmannen lagt inn fortau i samband med rullering av arealplanen. Mindre turveggar og sambindingsveggar internt i nye bustadområde må leggjast inn i samband med planarbeid. Det vil vere utfordrande å lage ein plan for tur- og sambindingsveggar uavhengig av regulering av bustadområde, leikeplassar og internveggar.

I gjeldande arealdel, områdeplan Ny Skuleveg, Giske og detaljplan Giskeremen er det lagt opp til ny hovudtrase til Giske kyrkje. Ny trase er under regulering frå Gjerdevegen, over ny Skuleveg, ned Kabbertavegen med ny vegløyning til nytt kryss Giskevegen og frå kryss til Giske kyrkje. Det er ønskeleg at denne vegen skal betene trafikken (buss og bil) til Giske kyrkje, difor må denne vegen leggjast til rette slik at bussar kan passere i kvarandre. Difor blir strekninga Giskevegen mellom nytt kryss og nesten fram til Giske kyrkje regulert med breidde 6,0 m. Frå nytt kryss og austover blir Giskevegen regulert med breidde 4,5 m, for blant anna for å kunne byggje ny teknisk infrastruktur på sida av eksisterande veg og gjere det betre for mjuke trafikantar.

Unntak frå rekkjefølgjekrav

Det vart gjort vedtak om at det kunne byggjast bueiningar utan krav om at tilkomstveggar skal vere opparbeidd; Kabbertavegen og Skuleveg til 2. gongs offentleg ettersyn. I samband med eigengodkjenning av plandokumenta må føresegnene vere heilt eintydig på kor mange bueiningar som kan byggjast innanfor planområdet før eventuelt rekkjefølgjekravet vil slå inn. Plandokumenta var ikkje klare nok på dette punktet når planen vart lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Regulert byggjegrænse

Utanfor regulert byggjegrænse er det ikkje høve til å byggje bustadhus, men det er opna for at garasje kan byggjast utanfor regulert byggjegrænse, men ikkje nærare enn 1 m frå eigedomsgrænse. Føresegnene er endra i punkt j med at det opna for garasje utanfor byggjegrænse. Garasje kan ikkje byggast utanfor regulert byggjegrænse dersom det fører til trafikale ulemper/fare.



Eksterne tilkomstvegar

Det på går reguleringsarbeid med delar av hovudvegnett, jamfør områdeplan Ny Skuleveg, Giske, som har vore til offentleg ettersyn sommaren 2016, tidsavgrensing ettersyn hausten 2016, og med ønska framdrift om vedtak før utgangen av 2016. Med vedtak av områdeplanen ligg det føre vedtak om hovudvegløysingar for søre del av øya Giske, slik som i dagens vedtekte reguleringsplanar. Når desse vegane vil bli bygd er meir usikkert. Men med dagens vegar på øya Giske bør det ikkje leggjast opp til at større bustadprosjekt blir realisert før det er gode tilkomstvegar til det aktuelle området. Dette gjeld også Giskeremen, som i dag ikkje har tilfredstillande tilkomst verken via Kabbertavegen/Skulevegen eller Giskevegen/Gjerdevegen. Det blir difor vurdert som uforsvarleg av rådmannen å opne for meir utbygging i dette området før ny(e) tilkomstveg(ar) er opparbeidd, når ein ser detaljplanen i samanheng med dei naturlege tilkomstvegane til planområdet. Det blir difor i føresegnene lagt inn rekkjefølgjekrav om at det ikkje vil bli gjeve byggjeløyve før ekstern(e) tilkomst veg(ar) er opparbeidd. I plansamanheng vil det seie ei utbetring av Skulevegn og Kabbertavegen, som vil bli den naturlege vegen til planområdet på sikt.

Krav før eigengodkjenning

I samband med offentleg ettersyn vart det sett krav om godkjent forprosjekt av tekniske anlegg og grenseoppgang mellom BBK/BBF1 og vestleg grense mellom BBF2/BB for å få sikre grenser inn i kartet. Sikre grenser er lagt inn i plankartet, plankartet blir endra i samsvar med nye grenser. Dette dreier seg om justering av regulert formålsgrense med om lag 0.5 m der det er størst avvik. BBK blir litt redusert og BB får litt meir areal. Utarbeidd teknisk forprosjekt er godkjent av kommunen med nokre mindre justeringar.

Endringar av plandokumenta etter 2. gongs offentleg ettersyn:

Føresegner:

- * § 3.0: I punkt j er det til føydd: Garasje/carport kan byggjast utanfor byggjegrænse, men ikkje nærare enn 1 m frå eigedomsgrænse. Garasje kan ikkje byggjast utanfor regulert byggjegrænse dersom det fører til trafikale ulemper/fare.
- * § 3.1: Overskrift endra til: Opparbeiding av felles leikeareal f_BUL_1 og F_BUL_2
- * § 3.1: Presisering av når rekkjefølgjekrava trer i kraft; ved bruksløyve/ferdigattest
- * § 3.1: Presisering av rekkjefølgjekrav tilkomst gnr./bnr. 127/38 og 129: Tilkomst til gnr./bnr. 127/38 og 129 skal vere opparbeidd før Saksebrauta blir stengt. Samtidig skal det tinglysast rett til å bruke f_SVK som veg for gnr./bnr. 127/38 og 129 **og i tillegg** skal det vere ein omforent avtale med eigar av gnr 127 bnr 38 og 129 og utbyggjar med tanke på tilkomst og garasje.
- * § 4.3: Maksimalt tal bueiningar for BB vert sett til 16
- * § 4.5: Overskrift endra til; Leikeplass, felles (**f_BUL_1, f_BUL_2 og f_BUL_3**)
- * § 4.5: f_BUL_3 skal opparbeidast med fysisk hindring slik at barn ikkje kan springe ut på Giskevegen

Plankart:

- * Justering av formålsgrænser mellom BBK/BBF1, BBK/f_BUL_1 og mellom BBF2 og BB
- * o_VA er flytta frå vestsida til austsida av f_V_1
- * Lagt på ei to meters byggjegrænse frå f_BUL_2
- * Lagt byggjegrænse mot SVK

Med vurderingar over og i planomtalen kan plandokumenta bli sendt til politisk handsaming



GISKE KOMMUNE

for eigengodkjenning.